



Kommunal- og moderniseringsdepartementet  
Postboks 8112 Dep.  
0032 Oslo

Postadresse:  
Postboks 59 Sentrum,  
4001 Stavanger

Besøksadresse:  
Lagårdsveien 44, Stavanger

---

T: 51 56 87 00  
F: 51 52 03 00  
E: fmropost@fylkesmannen.no

---

[www.fylkesmannen.no/rogaland](http://www.fylkesmannen.no/rogaland)

## Høyring - forslag til endringar i lov om interkommunale selskap

Vi viser til høyringsutkast om endringar i IKS-lova.

Det blir føreslått å gå bort frå ordninga med at deltakarkommunane har uavgrensa ansvar for gjelda i selskapa, ut frå at dette kan gi selskapa ein økonomisk fordel som er urettkomen når det gjeld marknadsretta verksemd.

Vi meiner det blir feil å ta bort ordninga med uavgrensa ansvar for alle interkommunale selskap. Etter vårt syn må det vera avgjerande i kor stor grad selskapa opererer i ein marknad.

Så langt vi har oversyn er det 19 interkommunale selskap i fylket (18 av desse er registrerte i Brønnøysund). Dei driv verksemd innan desse områda:

- VAR-sektoren, 5 selskap
- Administrative oppgåver: interkommunalt arkiv, kommunerevisjon, kontrollutvalssekretariat, nærings- og utviklingsarbeid (2), i alt 5 selskap
- Hamnedrift – 2 selskap
- Idrett og kultur, 2 selskap som driv i alt 3 idrettshallar, konserthus, kompetansesenter for musikkteater, i alt 4 selskap
- Brann og redning, 1 selskap
- Energi, 1 selskap
- Sosialektoren: krisesenter, 1 selskap

Alt dette er verksemd som kommunar kan driva med einskildvis. Det verkar dermed lite konsekvent å stilla mykje strengare krav til verksemda når den skjer i interkommunal regi. I stor grad dreier det seg om kommunale kjerneoppgåver. Oppgåvespekteret skulle også vera i tråd med det som er nemnt som oppgåver som rettsleg sett kan organiserast som IKS etter førearbeida til lova (Ot.prp nr. 53 (1997-98 side 90).

Det kan vera innslag av marknadsretta verksemd her, først og fremst innan energi- og hamnesektoren. Det meste er likevel ikkje marknadsretta. For renovasjonsselskapa ser vi at marknadsretta verksemd, eks. innsamling av næringsavfall, blir organisert i eigne selskap (AS), og det bør også kunna vurderast å innføra eit pålegg om dette.

I det heile bør ordninga med uavgrensa ansvar haldast ved lag, og eventuelle problematiske sider i høve til EØS-avtalen heller løysast på andre måtar.

For sjølvkostselskapa vil endringa kunna medføra auka lånekostnader slik at avgiftene må aukast. Dette bør departementet utgreia nærare.

Det heiter i høyringsnotatet side 48:

*For interkommunale selskaper som verken driver økonomisk aktivitet i henhold til EØS-avtalen art. 61 (1), eller næringsvirksomhet i henhold til kommuneloven § 51, kan kommunen stille garanti for virksomheten.*

Garantispørsmålet vil måtta behandlast av deltakarkommunane ved kvart låneopptak og ikkje som i dag når låneramma blir auka.

Kommunale garantiar på kr 500 000 og over treng som kjent godkjenning etter kommunelova, medan låneopptak berre treng godkjenning når ein eller fleire av deltakarkommunane er registrert i ROBEK.

Sidan også tilhøvet til EØS-avtalen må vurderast ved godkjenning av garanti, og det ser ut til at kravet her er strengare enn dagens tolkingsspraksis når det gjeld § 51, reknar vi med at det kan bli mange vanskelege tolkingsspørsmål. Ikkje minst vil dette gjelda sidan EU-retten er dynamisk og i følgje høyringsnotatet blir utvikla heile tida. Dette vil føra til meirarbeid, hyppige oppdateringar vil trengjast.

Med helsing

Magnhild Meltveit Kleppa

Lone M. Solheim  
avdelingsdirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift

Saksbehandlar: Tor Olav Hauge  
Saksbehandlar telefon: 51 56 88 07  
E-post: fmrotoh@fylkesmannen.no